





Mat. 17.1-8



Bönn-Takk

For medarbeidarane og studentane.



Kjære lesar.

Denne gongen kjem det ein ny "Paraguayposten" nokså snart etter at de har fått den forrige. Dette har seg slik at me (fam. Bjørnevoll) står på farten til å reisa til Noreg. Me har fått to månader ferie heime denne gongen, og forlet Paraguay 12. juni, for så å reisa tilbake frå Noreg 12. august.

Nr. 3 1993 JUNI

Det vil derfor verta oktober før de får høyra frå oss att, om ikkje me treffest heime. Me vert det meste av tida på Vangsnæs, bortsett frå at me vil vitja familie og venner.

Dua, i Bibelen symbol for Den Heilage Ande, og i verda brukt som fredssymbol, skal stå for DET YNSKJET ME HAR BÅDE FOR LESARANE, OSS I ARBEIDET, OG FOLKET GUD HAR KALLA OSS TIL Å ARBEIDA MELLOM. Må Fredens og Livets Gud vera med den enkelte.

NYTT FRÅ PASO CADENA. Det siste nye er at Alfredo og Miriam fekk ein gut 5. juni, og alt er vel med mor og barn. (Amancio og Fransisca fekk ei jente i januar, så det har vorte to små born i medarbeidarflokken vår dette året).

For tida er derfor Henny Marie åleine med sjukearbeidet til Miriam og Alfredo er tilbake på jobb først i juli. Dei andre er på plass, og arbeidet går sin vanlege gang.

KOKE- OG ERNÆRINGSKURS FOR INDIANARKVINNENE. To gonger dette året har me hatt kosthaldslærarinna "Ña Laly" oppe for å ha kurs med indianarkvinnene. Ho har brukt "kjøkena" i ein heim i kvar koloni. Slik kan dei sjå korleis ting kan gjerast, på deira eige nivå. Det viktigaste har vore bruk av soyabønner, og elles matvarer som er vanlege i koloniane. I tillegg har ho gjort ein innsats for at dei skal planta grønsaker og få i seg vitaminar, personleg hygiene og sjukdomsførebygging.

Det har vore utdelt kyllingar og vaksinert mot svinepest i samband med desse kursa. Det burde vore sett i gang vaksinasjon mot rabies (hundegalskap), noko som er ein stadig trussel på landsbygda her i landet. Men me har ikkje fått tak i vaksine enno.....

DYSENTERIPROBLEM. Viktigaste helseplaga i desse siste månadane har vore dysenteri i området. Det starta med indianarane, og har så spreidd seg til paraguayarar og brasilianarar som bur nær koloniane. Det har og vore

meslingeepidemi i nærleiken. Over 20 born hadde døydd i ein indianarakoloni 40 km. frå Paso. (Me fekk ikkje vita det før etterpå!) Hjå oss har ingen døydd, takka være fast vaksineringsprogram gjennom mange år. Frå ein koloni kom det andre sjuke, og ein far og barnet hans døydde av (tuberkuløs?) hjernehinnebetennelse. Me køyrde dei til sjukehus i Ciudad del Este, men liva deira stod ikkje til å berga.

AUKE ELEVTAL OG PLANAR OM FØRSKULE PÅ GUARANI. Skulen har fått 5 elevar til desse siste månadane. I tillegg har me fått godkjenning for å starta med førskule på guarani. Dette er ein del av opplegget med å læra indianarane å lesa sitt eige språk (guarani). Målet er å bruka guarani som hovudopplæringspråk første åra i skulen.

Det er vinterferie her i juli. Før den er det foreldremøte m.m. for å orientera om opplegget, og å invitera borna som skal starta på vanleg skule neste år, til førskulen.

Etter ferien er det så meininga å starta opp. Sebastian, ein av indianarlærarane våre, skal ha hovidansvaret for undervisninga.

SKULESTYRARBUSTADEN NÆRMAR SEG FULLFØRING. Bustaden skulle ha vore ferdig for lenge sidan, men har av ymse grunnar ikkje vore i rute. Det står no att å få ferdig golva, leggja inn lyset ferdig, setja ruter i vindauga, måla og setja opp flisar på bad m.m. I tillegg har det vist seg at me må laga eit vasstårn ved skulen for å kunne leggja inn vatn på skulekjøkenet og i bustaden. Det er ikkje budsjettert, og vil koma på 6 - 7 000 kroner. I tillegg har fraktkostnadane under byggeperioden tekje mykje pengar.

KYRKJELYDSARBEIDET har no Alfredo teke ansvar for. Det har vore bryllaup og dåp m.m. Lalo, han som stod som ansvarleg leiar, har ansvar for kyrkjebygget, og kjenner samstundes kall til å ta seg meir av arbeidet mellom paraguayarane. Dette har vore forsømt ein del år.

Det er grave grunnmur for 6 x 15 m kyrkjebygg. Det inkluderer ein sal på 6 x 10 m. Det er slik som den salen dei har i klinikkbygget i dag. Så vert det to rom (3 x 3 m.), og veranda utanfor hovuddøra. Bygget vert tvert for skulen, på nedsida av vegen. Menigheten har spart opp 15 000 kroner. I tillegg har me fått 15 000 kroner frå Noreg. Men det vil endå vera trong for meir før me er ferdige. Vil nokon hjelpa oss?

Har du lyst på paraguayamat? PRØV: BORI-BORI(maiskuler): Du treng 2 koppar maismjøl, 1/2 - 1 beger cottagechese, og kjøtkraft. Elt maismjølet og osten i ein bolle. Fukk, om det trengst, med kjøtkraft til det vert ein fast deig. Lag så små kuler i druestørrelse. Slepp dei ned i den kokande kjøtkrafta som er salta og krydra etter smak. Kok i fem minutt og server det i djupe talerkar med brød (eller manjokk) til.....

Med dette vesle apropoet til kokekurset i Paso Cadena: Takk for oss denne gongen.

Inger-Johanne

Gunstein Martin

og Inger